

MØTEPROTOKOLL

KOMMUNESTYRET

Møtedato: 28.09.2010

Møtetid:

Kl. 16:00 – 17.00

Møtestad: KOMMUNESTYRESALEN

Saksnr.:

117/10 - 147/10

Følgjande medl. møtte	Parti	Følgjande varamedl. møtte	Parti
Helge Andre Njåstad (Ordførar)	FrP	Per Espen Vik	FrP
Edvard J. Stangeland (Varaordførar)	Sp	Jan Ove Persen	”
Jostein Blænes	FrP		
Renate Møgster Klepsvik	”	Ingrid Møgster	Ap
Helge Otterå	”	Anne Kristine Bakke	”
Ronald Persen	”		
Olav Njåstad	”	Cesilie Øxnes	Krf
Øystein Østervold	”		
Julie Solbakken	H		
Ingunn Berge Vik	”		
Kurt Frank (Medlem)	”		
Arne Kalve Klepsvik	”		
Olav O. Østervold	”		
Torfinn Grav	KrF		
Ingrid Vågen Duesund	Sp		

Forfall meldt frå følgjande medl.	Parti	
Kjetil Østervold	FrP	
Narve Møgster	”	
Jane Kirsti Stangeland	Ap	
Ove Fagerbakke	”	
Andreas Risøy	”	
Christian Halstensen	Krf	

Møteleiar:	Ordførar Helge Andre Njåstad
Frå adm. møtte:	Rådmann Rolf Nøstdal, helse- og sosialsjef Helge Skugstad, økonomisjef Liv Bente Storebø og nestl. Osk Astrid N. Fagerbakke
Utlevert i møtet:	Sak 121, vedlegg til sak 144, sak 145, 146 og 147/2010
Merknader:	
Innkalling:	

Underskrifter:

Helge Andre Njåstad
Ordførar

Edvard Johs. Stangeland

Helge Otterå

Sakliste

Sak nr.	Saktittel
117/10	Godkjenning av møtebok frå kommunestyremøte 29.06.2010
118/10	Underskriving av møteboka kommunestyremøte 28.09.2010
119/10	Politisk kvarter kommunestyremøte 28.09.2010
120/10	Referatsaker
121/10	Regionalt miljøfyrtårnsamarbeid - Austevoll som miljøfyrtårnkommune
122/10	Melding om kommunen sine lån og lånevilkår pr. 30.06.2010
123/10	Skatteinngongen mai/juni 2010
124/10	Rekneskapsrapport for juni 2010
125/10	Skatteinngongen juli 2010
126/10	Skatteinngongen juli/august 2010
127/10	Sjukefråvær - rapport 1 kvartal 2010
128/10	Skatteoppkrevjaren sin årsrapport 2009 og kontrollrapport 2009 vedkomande skatteoppkrevjarfunksjonen i Austevoll kommune
129/10	Periodisert budsjett og rekneskap - kart og oppmåling
130/10	Rentebinding vurdert ut frå marknadssituasjonen
131/10	Kommuneplan - framlegg til planprogram Austevoll kommune 2010 - 2022. Varsel om oppstart planarbeid for endring av kommuneplanen.
132/10	Søknad om oppstart av reguleringsplan - areal for bustadbygging Selbjørn
133/10	Utviding av Vinnes gravplass
134/10	Vegvedlikehald kommunale vegar 2010
135/10	Invitasjon til deltaking i Bergensalliansen - godkjenning av avtale
136/10	Storebø skule - utbetring av Storebø skule/Nordstrandbygget - tilleggsløyving
137/10	Utbygging og rehabilitering av Selbjørn skule, prosjektering
138/10	Ombygging av legekontor/helsestasjon
139/10	Tilsynsutval for sjukeheimane i Austevoll
140/10	Leanaustet AS - søknad om utvida skjenkjetid.
141/10	Salsløyve for øl - byte av styrar ved RIMI Storebø
142/10	Intensjonsavtale om Fleskaryggen friluftsområde
143/10	Trafikksikringsplan 2010-2013. Hordaland
144/10	Gnr. 40 Indreholmen - endeleg godkjenning av reguleringsplan
145/10	Anbod båtambulanse
146/10	Val av revisor
147/10	Søknad om fartsdumper i byggjefelt på Rabben

117/10: Godkjenning av møtebok frå kommunestyremøte 29.06.2010

Vedtak:

Møteboka frå møte i kommunestyre 29.06.2010 vert godkjent slik ho ligg føre.

118/10: Underskriving av møteboka kommunestyremøte 28.09.2010

Vedtak:

Til å skriva under møteboka saman med ordføraren vert valde:

Edvard Johannes Stangeland og Helge Otterå

119/10: Politisk kvarter kommunestyremøte 28.09.2010

Handsaming i møtet:

Ordføraren orienterte om:

Møte med samferdselssjefen i Hordaland 13.09.2010. Fleire tema vart teke opp frå kommunen si side mellom anna ulike vegprosjekt og ferjetilbod / fiskerihamnprosjekt. Ordføraren orienterte kommunestyret om at kommunen etter dette møtet har fått tilsagn om 150.000,- til planlegging av ny veg over Bjelland dersom kommunestyret løyver tilsvarende beløp.

Ros til lokalavisa ”Marsteinen” for at dei har teke tak i sak om telemasta på Storebø.

Info om at kommunen har vidaresendt saka til helsevernetaten, Bergen kommune og purra på svar for å få fagleg grunnlag å handtera saka vidare utifrå.

Barnehagestatus – alle har fått plass i den del av kommunen dei søkte plass, takket vera Trygge barnehager AS som utvida med 20 plasser på rekordtid i Makkhavn og Kolbeinsvik barnehage som utvida utearealet.

Det vil bli lagt fram sak om framtida til Småtun barnehage i kommunestyremøte 2. november.

Musikkbingen på plass – mykje brukt av ungdomane.

Utbygging av Storebø pleie- og omsorgsenter er i rute.

Det er sett ned arbeidsgruppe for å jobbe med omsorgsbustader i Bekkjarvik, Birgittun 2 i Bekkjarvik første prosjekt. Birgittunet som modell – populært og passer inn i råd om omsorgspolitik for ”morgensdagens eldreomsorg”.

Skulebruksplanen – arbeidsgruppa er i gang med arbeidet, frist for innspel 15.oktober. Arbeidsgruppa vil leggja fram arbeidet sitt for tenesteutvalet.

I neste kommunestyremøte vil det bli lagt fram sak som går på kvalitetsvurdering i skulen.

Orientering om konfliktsaker i sommar med fylkesmannen:

- Næringsnaust på Møkster, godkjent i planutvalet, Fylkesmannen i Rogaland (settefylkesmann) gav ikkje dispensasjon.
- Meklingsmøte 09.09 med fylkesmannen om Bjånesplanen (Br. Birkeland sin). Plassering av 20 naust på innsida av Bjånesøy, dette vil gje fiskeindustrien mogleighet til å kunne tilby erstatningstomter for nausteigarar i Sturtevik. Dialog med Br. Birkeland om utbetring av veg til Bjånesøy.
- Reguleringsplan Melingsvågen – ligg i miljøverndepartementet for avgjerd. Fylkesmannen sa nei til planen, ikkje i tråd med kommuneplanen.

Arrangement på Bakholmen 2. september - påskjønning for tilsette med 25 og 40 års teneste i kommunen.

Spørsmål frå Øystein Østervold:

Bussskur ved Selbjørn skule – naboer har fått melding om at dette skulle flyttast. Ingenting skjer – status i saka?

Bading for funksjonshemma på ungdomsskulen – kvifor er dette teke bort.

Svar frå rådmannen:

Vil legge fram notat i neste kommunestyremøte om status for sak om flytting av bussskur. Bading for funksjonshemma – vert arbeid med å finna ei løysing for å få tilbodet på plass igjen.

Spørsmål frå Julie Solbakken:

1. Fylkesvegen på Storebø, like ved der Arne Elholm bur, kva kan me gjera for å få den i stand? Det er ein knekk på langs i veggen.
2. Kan kommunen leggja ut ein politisk sak på heimesida si? Dette kan gjera det enklare for innbyggjarane å følgje med på saker som dei har interesse av. Eventuelt få til ein søkemotor på heimesida?
3. Kva prioriteringar har kommunen på dei lokale lønsforhandlingane? Korleis har lønsutviklinga vore mellom 2008 og 2010 i dei ulike kapitla 3, 4 og 5?

Svar frå ordføraren:

1. Riksvegen over Storebø er ikkje bygd på skikkeleg grunn. Dette er teke opp med fylkeskommunen på møte 13.9 og me forventar at dei ser på dette
2. Det er vedteke at kommunen skal få ny heimeside, ny leverandør, og som vil bli utforma utifrå dagens behov. Det vil då bli opptil kommunen kva saker og korleis ein skal leggja desse ut. Det blir mogeleg å leggja ut fullstendige postlister med link til kvart dokument, noko som resulterer i at innbyggjarar m.fl. kan lesa alle dokument som er offentlege på nett. Dette vil stilla store krav til administrasjonen m.o.t. dokument som er unnateke. Det vil bli ein stor endring i høve til i dag. Kommunestyret kan drøfta og ta stilling til kva som skal leggest ut.

Svar frå rådmannen:

3. Det skal vere eit drøftingsmøte mellom forhandlingsutvalet i kommunen og arbeidstakarorganisasjonane der ein vil ta stilling til kva retningslinjer ein skal leggja til grunn for dei lokale forhandlingane i haust. Sentrale føringar vil også bli teke med i vurderinga, bl.a. prioritera kvinnedominerte yrkjer og kvinnelege leiarar. Dei siste åra har kommunen lagt vekt på likare avlønning av leiarar. Leiarar plassert frå staten har vore høgare løna, dette har kommunen justert i forhold til kommunale leiarar. Har vore lagt vekt på å få til ei likare avlønning for leiarar, i tillegg til utdanning og realkompetanse.

Spørsmål frå Torfinn Grav:

Kva skjer med omsyn til asfaltering av Bjånesvegen?

Ifølgje nokre av oppsitjarane vart det lova at veggen no skulle vera asfaltert.

Stygge hol gjer det vanskeleg å ferdast – spesielt i mørket.

Svar frå ordføraren:

Det har vore manglande vedlikehald på dei kommunale vegane i svært mange år. Ved store utbyggingar har det ikkje tidlegare vore stilt krav til utbyggjarar at dei skal utbetra vegen etter bruk. Dette er no teke med som eit krav i nyare planer.

Når det gjeld vegen til Bjånes så kjenner vi til at drosjer vurderer om dei skal kjøre denne srekninga pga. den dårlege standarden.

Etter meklingsmøte 9. sept. med fylkesmannen og Br. Birkeland har kommunen vore i dialog med næringslivet om å inngå spleiselag for å setja denne vegen i stand etter store utbygginger i området.

Spørsmål frå Anne-Kristine Bakke:

Kva blir gjort for å sikre Mjåsund bru i Torangsvåg.

På gang- og sykkelstien frå brua og til skulen er det plassert ein stor stein. Denne er ein fare for folk som ferdast her. Blir det gjort noko for å fjerna steinen.

Svar frå ordføraren:

Det har vore søkt om midlar til Mjåsund bru, men vart ikkje prioritert i perioden 2010 – 2013. Målsetjinga er å få denne med i 2014 – 2017 saman med Bjellandsvegen og trafikksikring ved ungdomsskulen.

Det er ute anbud på sikring av brua og dette vil skje i løpet av hausten. Dette arbeidet vart utsett grunna klage på tiltaket frå Austevoll fiskarlag, innsigelsen er no trekt og sikringsarbeidet vil ta til så snart som mogeleg.

Svar frå rådmannen:

Austevoll kommune har lagt ut steinen og den vil bli fjerna snarast dersom den ligg i gang- og sykkelstien.

Vedtak:

Vert lagt ved møteboka.

120/10: Referatsaker

Vedtak:

Meldingane vert tekne til etterretning slik dei ligg føre.

121/10: Regionalt miljøfyrtårnsamarbeid - Austevoll som miljøfyrtårnkommune

Vedtak:

Austevoll kommunestyre vedtek at Austevoll kommune skal vera med i Miljøfyrtårnordninga og verta ein Miljøfyrtårnkommune.

122/10: Melding om kommunen sine lån og lånevilkår pr. 30.06.2010

Vedtak:

Austevoll kommunestyre tek rådmannen si melding om kommunen så lånegjeld og lånevilkår til orientering

123/10: Skatteinngongen mai/juni 2010

Vedtak:

Vert lagt ved møteboka

124/10: Rekneskapsrapport for juni 2010**Vedtak:**

Austevoll kommunestyre tek rekneskapsrapport etter juni 2010 til orientering

125/10: Skatteinngongen juli 2010**Vedtak:**

Vert lagt ved møteboka

126/10: Skatteinngongen juli/august 2010**Vedtak:**

Vert lagt ved møteboka

127/10: Sjukefråvær - rapport 1 kvartal 2010**Vedtak:**

Kommunestyret tek saka til orientering.

128/10: Skatteoppkrevjaren sin årsrapport 2009 og kontrollrapport 2009 vedkomande skatteoppkrevjarfunksjonen i Austevoll kommune**Vedtak:**

Austevoll kommunestyre tek skatteoppkrevjaren sin årsrapport 2009 og kontrollrapport vedkomande skatteoppkrevjarfunksjonen i Austevoll til etterretning.

129/10: Periodisert budsjett og rekneskap - kart og oppmåling

Handsaming i møtet:

Framlegg frå Frp v/Jostein Blænes:

Som tilråding bortsett frå nr 3.

Austevoll kommunestyre ber om at det snarast skal reforhandlast avtale med AUKAS.

Det vart røysta over tilrådinga og framlegget frå Jostein Blænes.

Tilrådinga med framlegget vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Austevoll kommunestyre viser til saksframstillinga og bed om at det snarast vert teke tak i saka for å tilpassa resursbruk og budsjett til inntekter og utgifter for dette budsjettområdet. For å betra resultatet for dette området bør avtala med Austevoll kart AS reforhandlast, og redusera resursbruken på dette området, då det er ferre søknader enn tidlegare år.

Fylgjande tiltak skal gjerast:

1. Redusera bemanninga på kommunal oppmåling - 60% kommunal stilling.
2. Redusera internkjøp frå kart og oppmåling med kr. 200.000 pr. år

Austevoll kommunestyre ber om at det snarast skal reforhandlast avtale med AUKAS.

130/10: Rentebinding vurdert ut frå marknadssituasjonen**Vedtak:**

Austevoll kommunestyre vedtek å binda renta på 30 mill kroner av låneporteføljen i 3 år.

**131/10: Kommuneplan - framlegg til planprogram Austevoll kommune 2010 - 2022.
Varsel om oppstart planarbeid for endring av kommuneplanen.**

Handsaming i møtet:

Framlegg frå Frp v/Renate Møgster Klepsvik:

Tillegg:

Austevoll kommunestyre vil i tillegg fastsetje desse fristar og prosess overfor innbyggjarane. Frist for innspel til planen i tidleg fase 15. januar 2011. Deretter vil kommunen lage nytt framlegg til kommuneplan og sende den på lokal høyring og avholde folkemøter, med ny frist for lokale innspel. Deretter vert planen behandla på nytt og så lagt ut til offentleg ettersyn til andre myndigheter.

Austevoll kommunestyre understreker viktigheten av ein god lokal prosess og vil leggja vekt på å inkludere innbyggjarane i planprosessen.

Det vart først røysta over rådmannen si tilråding som vart samrøystes vedteke.

Det vart deretter røysta over tilleggsframlegget frå Renate Møgster Klepsvik som vart samrøystes vedteke.

KST-131/10 Vedtak:

Austevoll kommunestyre varslar med dette oppstart med planarbeid for revisjon av kommuneplanen for Austevoll, samfunnsdel og arealdel, med spesiell vekt på strandsona og sjøområda, og legg framlegg til planprogram dt. 18.09.2010 ut til offentleg ettersyn og sending på høyring. Frist for uttale vert sett til 30.11.2010. Vedtaket er heimla i plan og bygningslova §§ 4-1 og 11-13 samt forskrift om konsekvensutgreiingar §7.

Austevoll kommunestyre vil i tillegg fastsetje desse fristar og prosess overfor innbyggjarane. Frist for innspel til planen i tidleg fase. 15. januar 2011. Deretter vil kommunen lage nytt framlegg til kommuneplan og sende den på lokal høyring og avholde folkemøter, med ny frist for lokale innspel. Deretter vert planen behandla på nytt og så lagt ut til offentleg ettersyn til andre myndigheter.

Austevoll kommunestyre understreker viktigheten av ein god lokal prosess og vil leggja vekt på å inkludere innbyggjarane i planprosessen.

132/10: Søknad om oppstart av reguleringsplan - areal for bustadbygging Selbjørn

Handsaming i møtet:

Helge Andre Njåstad var ugild under handsaming av saka.

Edvard Johannes Stangeland overtok som møteleiar.

KST-132/10 Vedtak:

I medhald av PBL § 12-8 *Oppstart av reguleringsplanarbeid*, godkjenner kommunestyret søknad om at det startast arbeid med utarbeiding av reguleringsplan for deler av utmarka sør for Fagerbakkevatnet.

Tiltakshavar er: Austevoll Utbyggingsselskap A/S

Søklar kunngjer oppstart planarbeid til minst ei avis, og orienterer dei som etter lova har krav på skriftleg varsel om planoppstart (grunneigarar, heimelshavarar, naboar, styresmakter mm.)

Planen skal utarbeidast av fagkunnige.

133/10: Utviding av Vinnes gravplass

Vedtak:

Austevoll kommunestyre vedtek at planlegging av utviding av Vinnes gravplass vert sett i gong. Formannskapet får fullmakt å bruke av disposisjonsfondet til grunnkjøp og andre relevante utgifter i samband med planlegging.

Investeringa vert vurdert i investeringsbudsjettet for 2011.

134/10: Vegvedlikehald kommunale vegar 2010

Handsaming i møtet:

Tilleggsframlegg frå Frp og Sp v/Ronald Persen:

Austevoll kommunestyre vedtek å setja av 150.000,- til kommunen sin eigenandel av planlegging ny veg over Bjelland.

Austevoll kommunestyre setter av ytterlegare 184.000,- til ekstraordinær vedlikehald hausten 2010. Rådmannen får fullmakt til å bruke pengane på best mogeleg måte for å setje vegane i stand. Rådmannen vert beden om å rapportere bruken til kommunestyret. Midlane vert teke frå reservepotten (då er 2.000.000 disponert for 2010).

Austevoll kommunestyre ber rådmannen vurdere større vegvedlikehald der det er naturleg å ta det som investering med nytt dekke og koma attende til det i samband med investeringsbudsjettet for 2011. Kommunestyret vil signalisere vilje til å setje av 1.000.000,- eller meir til investering på kommunale vegar i 2011.

Det vart røysta over rådmannen si tilråding og tilleggsframlegget frå Ronald Persen. Tilråding og tilleggsframlegg vart samrøystes vedteke

Vedtak:

Austevoll kommunestyre vedtek å bruke kr 400.000 til styrking av vintervedlikehald. Midlane vert teke frå reserveposten.

Austevoll kommunestyre vedtek å setja av 150.000,- til kommunen sin eigenandel av planlegging ny veg over Bjelland.

Austevoll kommunestyre setter av ytterlegare 184.000,- til ekstraordinær vedlikehald hausten 2010. Rådmannen får fullmakt til å bruke pengane på best mogeleg måte for å setje vegane i stand. Rådmannen vert beden om å rapportere bruken til kommunestyret. Midlane vert teke frå reservepotten (då er 2.000.000 disponert for 2010).

Austevoll kommunestyre ber rådmannen vurdere større vegvedlikehald der det er naturleg å ta det som investering med nytt dekke og koma attende til det i samband med investeringsbudsjettet for 2011. Kommunestyret vil signalisere vilje til å setje av 1.000.000,- eller meir til investering på kommunale vegar i 2011.

135/10: Invitasjon til deltaking i Bergensalliansen - godkjenning av avtale

Vedtak:

1. Austevoll kommunestyre vedtek at Austevoll kommune vert medlem i Bergensalliansen.
2. Kommunen legg opplysningane i saksutgreiinga og utkast til Samarbeidsavtale for Bergensalliansen, datert 28. mai 2010, til grunn for medlemsskapet.

136/10: Storebø skule - utbetring av Storebø skule/Nordstrandbygget - tilleggsøyving

Vedtak:

Austevoll kommunestyre vedtek at det vert gjeve ei tilleggsøyving på inntil kr. 400.000,- frå investeringsmidlar på budsjettet for 2010 til ytterlegare utbetringar av Storebø skule.

137/10: Utbygging og rehabilitering av Selbjørn skule, prosjektering

Vedtak:

Austevoll kommunestyre vedtek at ein prosjekterer ei rehabilitering og utbygging på omlag 500 m², jamfør arbeidsgruppa sitt framlegg.

138/10: Ombygging av legekontor/helsestasjon

Vedtak:

Austevoll kommunestyre sett av inntil kr 1.500.000 til nødvendig ombygging av legekontor, helsestasjon, m.m. i 2010. Tiltaket finansierast frå ubunden kapitalfond.

139/10: Tilsynsutval for sjukeheimane i Austevoll

Handsaming i møtet:

Framlegg frå Helge Andre Njåstad;

Austevoll kommunestyre oppretter tilsynsutval for sjukeheimane i Austevoll med eldrerådet som tilsynsutval.

Framlegg frå Helge Andre Njåstad vart samrøystes vedteke.

KST-139/10 Vedtak:

Austevoll kommunestyre oppretter tilsynsutval for sjukeheimane i Austevoll kommune eldrerådet som tilsynsutval.

140/10: Leanaustet AS - søknad om utvida skjenkjetid.

Handsaming i møtet:

Tilrådinga vart vedteke mot 3 røyster (Anne Kristine Bakke Ap, Cesilie Øxnes og Torfinn Grav Krf).

Vedtak:

Austevoll kommunestyre endrar tidlegare innvilga skjenkeløyve, i kommunestyresak 075/08, for perioden fram til 30. juni 2012 til å gjelda ålmenn skjenking av brennevin tidsavgrensa frå kl. 1300 til kl. 0200 til Kjersti Aasen Storebø for skjenking ved Leanaustet AS sine lokale på Storebø:

- a) Skjenking av øl og vin alle dagar frå kl. 1200 til kl. 0200.
- b) Skjenking av brennevin alle dagar frå kl. 1300 til kl. 0200.
- c) Skjenking av øl og vin til deltakarar i slutta lag frå kl. 1200 til kl. 0200, brennevin frå kl. 1300 til kl. 0200.
- d) Uteskjenking av øl og vin frå kl. 1200 til kl. 0200, brennevin frå kl. 1300 til kl. 0200.
- e) Kjersti Aasen Storebø vert godkjent som styrar med Jostein Storebø som avløyсар.
- f) Skjenkinga er avgrensa til ovannemnde lokale med 140 sitjeplassar i puben i underetasjen

- og 70 sitjeplassar i restaurant i overetasjen.
- g) Uteskjenking på terrasse i 1. høgda med 120 sitjeplassar og terrasse i 2. høgda med 60 sitjeplassar, fysisk avgrensa frå kaiområdet.
 - h) Skjenkeløyve vert gjeve på vilkår av at det vert forvalta i samsvar med lover, forskrift og kommunale vedtekter. Kommunen kan dra inn løyvet dersom kontrollverksemda avdekkar avvik.
 - i) Det er ein føresetnad at forfalle alkoholgebyr og andre skattar og avgifter til ei kvar tid er betalt.

141/10: Salsløyve for øl - bytte av styrar ved RIMI Storebø

Vedtak:

Austevoll kommunestyre vedtek at Kenneth Blindheim vert godkjent som ny styrar for løyve til sal av øl ved RIMI Storebø, adv. 6906, ut løyveperioden til 30. juni 2012.

142/10: Intensjonsavtale om Fleskaryggen friluftsområde

Handsaming i møtet:

Jostein Blænes var ugild under handsaming av saka.

Vedtak:

1. Austevoll kommunestyre godkjenner utkast til intensjonsavtale mellom Austevoll kommune, Jostein Blænes/Bjånestangen eigedom as og Bergen og Omland Friluftsråd om utvikling av Fleskaryggen friluftsområde.
2. Austevoll kommune kan ikkje binda seg til å delta i prosjektet med økonomiske midlar. Eventuelle deltaking økonomisk må vurderast under dei årlege budsjettførehavingane.

143/10: Trafikksikringsplan 2010-2013. Hordaland

Vedtak:

Trafikksikringsplanen er teke til orientering.

Austevoll kommunestyre vil be om at trafikksikringsprosjektet ved Austevoll ungdomsskule (rv 546) vert prioritert. Det ligg føre godkjent reguleringsplan for tiltaket.

144/10: Gnr. 40 Indreholmen - endeleg godkjenning av reguleringsplan

Handsaming i møtet:

Ordføraren orienterte om saka og delte ut heile planen med føresegner, kart og beskrivelse og orienterte frå samtale med fylkesmannen, miljøvernavdelinga, same dag (28.09.10).

Framlegg frå Helge Andre Njåstad:

Austevoll kommunestyre viser til planframlegg – kart og føresegner datert 27. september og har gjort seg kjent med desse og vil gå inn for godkjenning av planen. Kommunestyret viser at fylkesmannen må trekke motsegn på ”helikopterplass” frå det planframlegget som var på høyring som nå er teke bort i det siste framlegget datert 27. september 2010.

Austevoll kommune meiner at dette framlegget er i tråd med motsegna til fylkesmannen og vil då vedta planen og delegerer til utval for plan og byggesak å gjera formelt vedtak på vegne av kommunestyret når motsegna formelt er trukket.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Austevoll kommunestyre viser til planframlegg – kart og føresegner datert 27. september og har gjort seg kjent med desse og vil gå inn for godkjenning av planen. Kommunestyret viser at fylkesmannen må trekke motsegn på ”helikopter plass” frå det planframlegget som var på høyring som nå er teke bort i det siste framlegget datert 27. september 2010.

Austevoll kommune meiner at dette framlegget er i tråd med motsegna til fylkesmannen og vil då vedta planen og delegerer til utval for plan og byggesak å gjera formelt vedtak på vegne av kommunestyret når motsegna formelt er trukket.

145/10: Anbud båtambulanse

Handsaming i møtet:

Framlegg frå Helge Andre Njåstad:

Siste del av tilrådinga går ut: basert på tilbod av 20.09.2010.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Austevoll kommunestyre gjer samtykke til at Helse Bergen inngår kontrakt med Rødne AS om levering av ny ambulansébåt til Austevoll kommune.

146/10: Val av revisor

Handsaming i møtet:
Unnateke off. innsyn

Vedtak:

Austevoll kommunestyre velger KPMG AS som revisor frå 01.11.2010 til 30.06.2014 med opsjon for Austevoll kommune til å forlenge avtalen med 2 år.

147/10: Søknad om fartsdumper i byggjefelt på Rabben**Vedtak:**

Austevoll formannskap godkjenner at det vert laga 4 fartsdumpar i Rabben byggjefelt i samsvar med søknad og vedlagt kartkopi. Prosjektet kan utførast som eit OPS-prosjekt, då dette er ein kommunal veg og det er eit vilkår at det private tilskotet vert innbetalt til kommunen før oppstart av arbeidet.